



Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref: 2009/207

Saksbeh.: Anne Margrethe Øvsthus,  
tlf: 57839866

FØRDE,  
06.05.2009

## **Høyringsuttale frå Helse Førde HF - Forslag om endring i turnusforskrift §4 - forslag om obligatorisk turnusteneste i sjukeheim for turnuslegar**

Helse Førde v/fagavdelinga er ein høyringsinstans til dette forslaget om endring av forskrifta for turnustenesta knytt til kommunehelsedelen.

Sjølv om forslaget først og fremst angår den delen at turnustenesta som kommunane har ansvaret for, så er det særleg med den komande samhandlingsreforma (også nemnt som kommunehelsereforma) viktig at kommunane får oppgradering både av kompetanse og kapasitet innanfor eldremedisin og sjukeheimsmedisin.

Eit slikt løft innanfor den kommunale delen av eldreomsorga vil være svært sentralt også i høve til dei tenester spesialisthelsetenesta skal stå for innan sine delar av behandling og omsorg for eldre og kronisk sjuke framover.

I dette ligg særskilt at heving av kompetanse i alders- og sjukeheimsmedisin knytt til grunnutdanning og praktisk teneste som turnuslege vil være eit sentralt satsingsområde framover. Eit av elementa i dette vil være det som forslaget går inn for; å innføre ein obligatorisk del med turnusteneste i sjukeheimar framover.

Nasjonal og kommunal satsing på sjukeheimsmedisin med

- a) kompetanseoppbygging på alle nivå,
- b) sterkt auka legekapasitet i sjukeheimane og
- c) åpning for ø. hj. innleggingar i desse,

vil truleg være ein av dei avgjerande suksessfaktorar i høve kommunehelsereforma framover.

I dette ligg at Helse Førde klart støtter dette forslaget om obligatorisk turnusteneste innanfor desse institusjonane. Ein viktig sideverknad av dette kan også være at anna personell ved sjukeheimane får ny kompetanse gjennom slik undervisningsaktivitet. For turnuslegar vil det også være viktig erfaring knytt til samhandling med andre personellgrupper i kommunehelsetenesta.

Det bør settast ei minstenorm for teneste i sjukeheimar.



Helse Førde HF  
Administrasjon

Besøksadresse:  
Vievegen 28  
6807 FØRDE

Postadresse:  
6807 Førde

Telefon:  
57839000  
Telefaks:  
57839015  
post@helse-forde.no  
Org.nr: 983974732MVA

Venleg helsing

Jon Bolstad  
Administrerande direktør

Kopi: Helse Vest RHF, Pb 303 Forus, 4066 Stavanger